

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 15.10.2009, 08:30 - 16:00
Møtestad: Helse Vest RHF Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen
Leiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gisle Handeland
Medlem

Torill Selsvold Nyborg
Medlem

Gerd Dvergsdal
Medlem

Aslaug Husa
Medlem

Ohene Aboagye
Medlem

Gro Skartveit
Medlem

Lise Karin Strømme
Medlem

Gunnar Berge
Medlem

Reidun Johansen
Medlem

Nils P Støiva
Medlem

Bente Pilskog
Varamedlem

Forfall frå styret:

Helge Espelid
Medlem

**Deltakarar frå
administrasjonen:**

Administrerende direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Eigardirektør Ivar Eriksen

Torunn Nilsen referent

Saker:

089/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
090/09 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest 02.09.2009
091/09 O	Administrerende direktør si orientering
092/09 B	Rapport frå verksemda per august 2009
093/09 B	Langtidsbudsjett 2010 - 2014, føresetnad og føringar frå RHF-et til helseføretaka
094/09 B	Langsiktig finansiering Helse Vest IKT AS
095/09 B	Avtale mellom Helse Vest RHF og Norske Kvinners Sanitetsforening, Rogaland fylke om eigedomstilhøva ved Jæren Distriktpsikiatriske Senter
096/09 B	Tertialvis rapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokumentet. 2. tertial 2009.
097/09 B	Overordna risikovurdering per 2. tertial 2009
098/09 B	Søknad om sjukehuskonsesjon i Stavanger - Aleris Helse AS
099/09 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 01.09.09
100/09 O	Årsrapport 2008 - Revisjonskomiteen og Internrevisjon i Helse Vest RHF
101/09 O	Økonomistyring i helseføretaka - oppfølging 2009
102/09 O	Innkjøpsprogrammet 2007 - 2010 - orientering om forslag til organisering av innkjøpsfunksjonen i regionen
103/09	Eventuelt

Presentasjon av Apoteka Vest HF ved styreleiar, Ragnhild Osmundsen

Styreleiar i Apoteka Vest HF, Ragnhild Osmundsen, presenterte status og utfordringar i føretaket.

Lysark ligg ved

Presentasjon av Helse Vest IKT AS ved administrerende direktør Erik Hansen

Administrerende direktør i Helse Vest IKT, Erik Hansen, presenterte status og utfordringar i Helse Vest IKT.

Lysark ligg ved

Styret ønskte at presentasjonen av gevinstane ved å etablere Helse Vest IKT blei gjort kjent i føretaksgruppa, gjerne på eit styreseminar med alle føretaka eller på intranettsider/helseføretaka sine internpublikasjonar.

089/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Forfall:

Helge Espelid hadde meldt forfall til møtet, Bente Pilskog møtte som vara.

Følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 091/09 O Administrerende direktør si orientering pkt 6 – Statsbudsjettet for 2010:

Prop.1 S for budsjettåret 2010

Til sak 091/09 O Administrerende direktør si orientering pkt 10 – Orientering om saker for domstolane:

Notat – Orientering om saker for domstolane

Til skriv og meldingar:

Brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 01.10.09 "Oppfølging i tilsynssak om korridorsenger i Psykiatrisk klinikk, Psykiatrisk divisjon Helse Bergen HF

Eventuelt:

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

Regionalt kompetansesenter for ADHD og Tourette (KOL)

Regionalt brukarutval – formuleringar i protokoll (KOL)

Gjennomgang fristbrot – venteliste (AH)

Rekruttere og behalde helsepersonell (AH)

Soria Moria 2 (NPS)

Avslutning Helge Bryne og Odd Søreide (HN)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

090/09 B Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest 02.09.2009

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 2. september 2009.

091/09 O Administrerende direktør si orientering

1. Korridorpasientar – Helse Stavanger HF

Situasjonen når det gjeld korridorpasientar i Helse Stavanger er om lag som før, men talet på korridorpasientar viser ein svakt nedadgåande tendens dei siste vekene. Det er inga endring når det gjeld bruk av pasienthotellet

2. Korridorpasientar – Helse Bergen HF

I tråd med styrevedtaket frå møte 2. september, blei det gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF 9. september. Det ar ikkje vore nytta korridorsenger i akutt- og kortidspostar i Helse Bergen HF etter dette. Arbeidet med ei ekstern evaluering av psykiatritilbodet i Helse Bergen er påbegynt.

Tilbakemeldinga frå Helsetilsynet i Hordaland i brev dagsett 01.10.09 er:

" Inntil vidare vil vi følgje med på dei månadlege rapporteringane frå helseføretaket for å sjå om tiltak som blir gjennomførte, fører til endring slik at praksisen med korridorsenger i akutt-/kortidspostane blir avvikla og at dette vedvarer."

3. Arbeidsintensive investerings- og vedlikehaldstiltak i 2009 – regjeringa si Tiltakspakke

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har tildelt 188 mill. kroner som tilskot i samband med finanskrisa. Tiltaka som er meldt inn frå føretaka er prosjekt som har meir enn 50% byggfagarbeid og som ikkje var ein del av det planlagde vedlikehaldet for 2009. Tildelinga er basert på dei innmelde tiltaka som blei behandla av styret i Helse Vest RHF i sak 018/09 den 17. februar 2009.

Godkjent forbruk per 08.09.09 er summert til kr. 31.146.413.-.

Det er identifisert eit visst etterslep på økonomisk innrapportering samanlikna med innrapportert fysisk framdrift. Dett vil bli sett i verk tiltak i dialog med dei aktuelle føretaka for å sikre at etterslepet blir minst mogleg.

Det er også identifisert at nokre av tiltaka ligg etter den plan for fysisk framdrift som er satt. For å sikre at målsettinga om ferdigstilling av tiltaka i 2009 blir nådd, har administrerande direktør styrka fokus på fysisk framdrift, og det er mellom anna lagt opp til fast rapportering på desse tiltaka i direktørmøta.

Asbestfunna på Stavanger Universitetsjukehus og på Tronvik i Helse Førde HF har ført til noko forsinka framdrift i desse føretaka.

4. Årsrapport 2009 frå Berekningsutvalet for Spesialisthelsetenesta

Årsrapport 2009 frå Berekningsutvalet for Spesialisthelsetenesta var utsendt. Styret ba om eit notat til styret, med oppsummering av dei områda der Helse Vest har dei største utfordringane samt område der Helse Vest har gode resultat.

Styremedlem Aslaug Husa viste til tabell på side 18 i rapporten, som viser at personell frå alle faggrupper er aukande, medan talet på hjelpepleiarar går ned i spesialisthelsetenesta.

Styret ønskte ei styresak som der ein gjer ei vurdering av om denne utviklinga er i samsvar med dei behov ein ser for personell i framtida. Saka skal og gjere ei vurdering av framtidig kompetansebehov i spesialisthelsetenesta, og kva strategiske grep som kan gjerast for å rekruttere og halde på personell med nødvendig kompetanse.

5. Pandemi influensa A (H1N1) – status beredskapsarbeidet per 28.09.09

Det er framleis avgrensa influensasmitte i Noreg, og den første bølga ser ut til å vere på retur. I sjukehusa i Helse Vest har det vore lagt inn 1 – 5 pasientar per døgn dei seiste vekene, og svært få har hatt behov for intensivbehandling.

Respiratorar, smertepumper og dialysemaskiner er i all hovudsak levert til helseføretaka.

Alle HF har formidla informasjon til Folkehelseinstituttet om leveringsadresser for vaksiner. I våre HF blir gjennomføring av vaksiner planlagt. Helse Vest har signalisert behov for nasjonal lik tilnærming for vaksiner av helsepersonell spesielt.

6. Statsbudsjettet for 2010

For Helse Vest sin del er Statsbudsjettet for 2010 som forventet.

Dei viktigaste konsekvensane er som følgjer:

- Generell aktivitetsvekst på 1,3%
- Psykisk helsevern og RUS har fått 2,5%vekst
- ISF ordningen har ein vekst på 1,2%
- Deflator er på 3,1 %
- Vekst Magnussen 2010 kr 245,0 mill
- Aktivitetsvekst basisramme kr 137,7 mill
- Opptrapping RUS kr 6,2 mill
- Opptrapping LAR kr 1,0 mill
- Helikopterbase Florø (helårsdrift) kr 1,5 mill
- Organisatorisk endring Helse Stavanger kr 16,7 mill
- Pensjon private overført ramme kr 62,4 mill
- Pasienttransport – auka eigenandelar kr - 9,7 mill
- Eigenandelar – fritak til 16 år kr 6,9 mill
- Auka eigenandelar somatisk poliklinikk kr - 4,1 mill

7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat

8. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat

9. Oversikt over høyringar

Styret blei orientert om prosessen knytt til høyringssvar på høyring om endringar i AML.

Administrasjonen viste elles til utsendt notat.

Styret ba om at administrasjonen gjorde ei vurdering av innhald og detaljeringsnivå i standardrapportane knytt til pkt 7, 8 og 9.

10. Orientering om saker for domstolane

I samband med to nasjonale innkjøp er det reist saker for domstolane der dei regionale helseføretaka i fellesskap er trekt inn som saksøkte.

Sakene gjeld:

”Anbod på distribusjon av legemiddel til private apotek som blir utlevert på H-resept – begjæring om midlertidig forføyning” og ”Anbod på plasmaderiverte legemiddel – søksmål med krav om erstatning”.

Administrasjonen viste til notat som var lagt på bordet i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

092/09 B Rapport frå verksemda per august 2009

Kommentarar:

Rapporten er med unntak av delen om omdøme utarbeidd med basis i informasjon per 31. August 2009.

Aktivitet:

For Helse Vest samla var den somatiske aktivitetsutvikling målt i talet produserte DRG-poeng 1,4 % høgare ved utgangen av august 2009, enn ved same periode i 2008.

Innan barne og ungdomspsykiatrien var den samla døgnaktiviteten målt i liggjedøgn 10 % høgare enn til same tid i 2008.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (dagopphald og poliklinikk) syner eit aktivitetsnivå per august 2009 som er om lag 5 % høgare enn per august 2008.

Ventetid:

Den gjennomsnittlege ventetida innan somatikken har stort sett peika nedover i 2009, både for pasientar med og utan prioritet. Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle sektorar var 108 dagar ved utgangen av august 2009.

Innan psykisk helsevern for barn og unge har ventetidsutviklinga vore positiv fram til juni 2009 for ventande med prioritet. Som for somatikken har det og vore ein vekst i dei gjennomsnittlege ventetidene innan psykisk helsevern for barn og unge i samband med avvikling av ferie.

For dei ventande med prioritet var ventetida ved utgangen av august 2009 i gjennomsnitt 77 dagar, noko som er 14 dagar mindre enn ved utgangen av august 2008. For dei ventande utan prioritet er ventetida framleis markant kortare no (150 dagar), enn for eit år sidan (210 dagar).

Epikrisetid:

Per august 2009 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 63 % innan somatikk, medan delen låg på 73 % innan psykisk helsevern.

Økonomi:

	August			Hittil pr. august		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	2 050	2 363	-313	7 665	10 321	-2 656
Helse Bergen	4 749	2 428	2 321	5 067	219	4 848
Helse Fonna	-2 945	0	-2 945	-9 857	0	-9 857
Helse Førde	1 711	111	1 600	-46 584	-23 444	-23 140
Helse Stavanger	5 664	7 450	-1 786	-35 509	51 646	-87 155
Kjøp av helsetenester	-3 859	3 333	-7 192	32 864	26 666	6 198
Administrasjonen	11 249	763	10 486	-100	1 578	-1 678
Helse Vest IKT	-4 014	1 709	-5 723	5 172	6 041	-869
Til saman	14 605	18 157	-3 552	-41 282	73 027	-114 309

Akkumulert resultat pr august er - kr 41,3 mill som er - kr 114,3 mill dårligare enn budsjettet.

Likviditetsprognosen viser framleis ein stram situasjon særleg i november. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Med basis i resultatutviklinga så langt i år, er det ein betydeleg risiko knytt til oppnåing av resultatkravet. Administrerende direktør vil vidareføre den tette oppfølginga av føretaka, der styreleiar og representantar frå administrasjonen i Helse Vest og styreleiarar og

representantar frå administrasjonen i helseføretaka gjennomgår det økonomiske resultatet og avtaler særskilde oppfølgings/ forbedringspunkt som blir gjennomgått i påfølgande møte.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for juli og august 2009 er registrert med 7,2 og 7,0 prosent. Sjukemeldt sjukefråvær for dei same månadene var på 6,7 og 6,2 prosent.

Tal på einingar med eit sjukefråvær på 4,5 prosent eller lågare var for juli 2009 på 58,7 prosent, eit litt høgare nivå enn for juni månad. For august var talet på einingar med eit sjukefråvær på 4,5 prosent eller lågare på 56,2 prosent.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var i september på 16 438, det er ein auke på 325 samanlikna med august månad. Auke i netto månadsverk skuldast timar frå tidlegare månader og høgare forbruk.

Omdømme:

Tiltrua til spesialisthelsetenesta held seg stabilt på 80 prosent frå juni til august.

Andelen som har eit godt inntrykk av det regionale helseføretaket går fram med to prosentpoeng frå 57 prosent i juni til 59 prosent i august.

Styret ønskte å legge til rette for å få til ein god erfaringsoverføring frå Helse Bergen HF til dei helseføretaka som framleis har utfordringar med å få kontroll på økonomien.

Styret peika og på at ventetida innan barne- og ungdomspsykiatrien framleis er for lang og at aktiviteten per årsverk i barne- og ungdomspsykiatrien bør kunne aukast. Styret ønskte å få framlagt ein eigen sak om behandlingstilbodet, ventetid og aktivitet innan barne- og ungdomspsykiatrien i Helse Vest.

Styret var og opptekne av at sjukefråværet på over 7% er for høgt, og ba om ei orientering om tiltak for å redusere sjukefråværet i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 31. august 2009 til etterretning.
2. Særleg Helse Stavanger, Helse Førde og Helse Fonna må framleis ha stort fokus på tiltak for å betre dei økonomiske resultata.

093/09 B Langtidsbudsjett 2010 - 2014, føresetnad og føringar frå RHF-et til helseføretaka

Kommentarar:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 24.06.2009 sak 065/09 B førebels inntektsfordeling 2010 og førebels resultatkrav 2010. I saka vart det gitt signal om å utarbeida eit langtidsbudsjett for føretaksgruppa. Det er første gang føretaksgruppa utarbeider eit heilskapleg langtidsbudsjett som omhandlar drift, likviditet/finansiering og investering.

Ideelt sett bør eit slikt arbeid gjerast i forkant av det ordinære budsjettarbeidet. Dette er første langtidsbudsjett som blir laga i føretaksgruppa. Arbeidet vil derfor gå parallelt med arbeidet med årsbudsjettet for 2010. Helseføretaka og RHF-et vil samarbeide tett i denne saka.

Med basis i dei føringane som er gitt i denne saka må helseføretaka setje i gang ein prosess med å utarbeide langtidsbudsjett. Dette er eit arbeid som denne gangen må gå parallelt med det ordinære budsjettarbeidet nå i haust. Arbeidet med langtidsbudsjettet

må skje i nært samarbeid mellom HF-a og RHF-et og det vil bli invitert til tett og god dialog undervegs. I tillegg vil det bli gjennomført møte med HF-a for å avklare status og framdrift i budsjettprosessen samt arbeidet med langtidsbudsjettet.

Det er utarbeidd ein felles mal for utarbeiding av langtidsbudsjett. Denne er gjennomgått med økonomidirektørane i helseføretaka i starten av september. Endeleg mal blir sendt ut til helseføretaka i begynninga av oktober.

Revidert framdriftsplan for budsjett 2010 og langtidsbudsjett blir som følgjer:

Tidsfrist	Aktivitet	Kommentar
24/6-09	Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2010	Vedtatt
4/9-09	Gjennomgang av mal for utarbeiding av langtidsbudsjett	Økonomidirektørmøtet 4/9-09
30/9-09	Føresetnad og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett	Utsending av styresak
Oktober	Gjennomgang/avklaringar føresetnad og føringar for langtidsbudsjett	
13/10-09	Statsbudsjett 2010	
23/10-09	Endeleg inntektsramme 2010 med resultatkrav blir sendt HF-a	Vedtak i styremøte i Helse Vest onsdag 2. desember 2009
Ultimo oktober / primo november	Møte med helseføretaka vedkommande budsjett 2010 og langtidsplan (møteplan vil bli sendt ut)	Status budsjettarbeid, bestilling 2010, omstillingsplan og resultatkrav. Status/avklaring arbeid med langtidsplan.
November / desember	Dialogmøte med HF-a vedkommande status og framdrift langtidsbudsjett samt fastsetting av framtidig resultatkrav	Nært samarbeid mellom RHF og HF – avstemming mot føresetnad og føringar gitt i denne saka
Desember	Budsjettvedtak i helseføretaka – budsjett 2010 og langtidsbudsjett	Budsjett og langtidsbudsjett blir oversendt RHF for kvalitetssikring før sak blir sendt til styret i HF-a
31/12-2009	Budsjett i HF-a ferdig oppdatert i SIM (budsjettssystemet)	Grunnlag for kvalitetssikring veke 1
Veke 1 i 2010	Kvalitetssikring og gjennomgang av budsjett i SIM (budsjettssystemet)	Avstemme aktivitet/bemanning/ inntektsramme m.m.
Veke 2 i 2010	Felles oppfølgingsmøte med HF-a vedkommande kvalitetssikring av budsjett	
19/2 -2010	Styresak konsernbudsjett 2010 samt langtidsbudsjett 2010-2014	
3. februar	Behandling av konsernbudsjett 2010 og langtidsbudsjett 2010-2014	

Styret sine overordna føringar i denne saka var at i tillegg til å ta høgde for dei føringane som blir gitt i Oppdragsdokumentet for 2010, må rusbehandling og barne- og ungdomspsykiatri prioriterast. Arbeidet med å redusere sjukefråveret i HF-a skal framleis ha prioritet.

Styret presiserte at eit skjønnskott til Helse Førde er eit tilskot for 2010, for å sikre gjennomføring av nødvendige omstillingsprosessar.

Administrerende direktør sitt forslag til vedtak:

Styret ber helseføretaka utarbeide langtidsbudsjett for perioden 2010 til 2014 basert på dei føresetnader og føringar som er gitt i denne saka.

1. Langtidsbudsjettet skal vera i faste priser. Alle tal skal bli uttrykt i 2010 kroneverdi
2. Budsjettert rentekostnad skal følgje føresetnadene som ligg i punkt 2.2
3. Den generelle aktivitetsveksten for føretaksgruppa er basert på 1% pr. år. Helseføretaka skal leggje til grunn vekstføresetnaden for dei respektive HF-a under punkt 3
4. Inntektsramma skal budsjetterast i tråd med føresetnaden i punkt 3
5. Helseføretaka skal i sitt langtidsbudsjett ta høgde for dei føringar som er omhandla i punkt 4, 5 og 6 og sørgje for at desse forholda så langt det er praktisk mogleg blir reflektert i budsjettoppstillinga
6. Helseføretaka må budsjettere personalkostnader i tråd med dei føringane som er gitt i punkt 8
7. Resultatkravet for 2010 er sett til følgjande:

Forslag til resultat-disponering 2010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Sum Helse Vest
Resultatkrav 2010	26 323	28 533	148 110	-40 000	7 833	105	40 000	210 903
Økonomisk balansekrav	0	0	0	-40 000	7 833	105	40 000	7 938
Styrking av likviditet / investeringsgrunnlag	26 323	28 533	148 110	0	0	0	0	202 965

8. Investeringane må tilpassast det finansielle grunnlaget og innafor tilgjengeleg likviditetsramme, jf. punkt 10

Vedtak (samrøystes):

Styret ber helseføretaka utarbeide langtidsbudsjett for perioden 2010 til 2014 basert på dei føresetnader og føringar som er gitt i denne saka.

1. Langtidsbudsjettet skal vere i faste priser. Alle tal skal bli uttrykt i 2010 kroneverdi
2. Budsjettert rentekostnad skal følgje føresetnadene som ligg i punkt 2.2
3. Den generelle aktivitetsveksten for føretaksgruppa er basert på 1% pr. år. Helseføretaka skal leggje til grunn vekstføresetnaden for dei respektive HF-a under punkt 3
4. Inntektsramma skal budsjetterast i tråd med føresetnaden i punkt 3
5. Helseføretaka skal i sitt langtidsbudsjett ta høgde for dei føringar som er omhandla i punkt 4, 5 og 6 og sørgje for at desse forholda så langt det er praktisk mogleg blir reflektert i budsjettoppstillinga
6. Helseføretaka må budsjettere personalkostnader i tråd med dei føringane som er gitt i punkt 8
7. Resultatkravet for 2010 er sett til følgjande:

Forslag til resultat-disponering 2010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Sum Helse Vest
Resultatkrav 2010	26 323	28 533	148 110	-40 000	7 833	105	40 000	210 903
Økonomisk balansekrav	0	0	0	-40 000	7 833	105	40 000	7 938
Styrking av likviditet / investeringsgrunnlag	26 323	28 533	148 110	0	0	0	0	202 965

8. Resultatkrava for perioden 2011 – 2014 skal gjennomgåast med HF-a før endeleg vedtak for perioden
9. Det blir gitt eit skjønnskott for 2010 på kr 30 millionar til Helse Førde HF
10. Styret understreka at områda rusbehandling og barne- og ungdomspsykiatri skal prioriterast særskilt ved bruk av dei 67 millionane som er omtala i pkt 6
11. Investeringsane må tilpassast det finansielle grunnlaget og innfor tilgjengeleg likviditetsramme, jf. punkt 10

094/09 B Langsiktig finansiering Helse Vest IKT AS

Kommentarar:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 17/10-2008 sak nr. 087/08 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret godkjenner at det blir inngått avtale med Helse Vest IKT om langsiktig lån på kr 70 mill, med opsjon om utviding av låneramma til kr 130 mill.*
2. *Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
3. *Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane.*

Helse Vest IKT har nytta seg av opsjonen fullt ut og det er inngått langsiktig låneavtale på til saman kr 130 mill.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig lån med kr 90 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 039/09:

"Styret bekrefta at administrasjonen, med grunnlag i styresak 004/09 om budsjett for 2009, utarbeider og oversender til Helse Vest RHF søknad om lån på 90 mill. kr. i tråd med det som vart lagt fram i budsjettsaka"

Samla langsiktig lån til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 220 mill.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig lån med kr 90 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane

095/09 B Avtale mellom Helse Vest RHF og Norske Kvinners Sanitetsforening, Rogaland fylke om eigedomstilhøva ved Jæren Distriktpsikiatriske Senter

Kommentarar:

Helse Vest RHF har avtale med Norske Kvinners Sanitetsforening, Rogaland fylke (NKS Rogaland) om levering av psykiatriske spesialisthelsetenester frå Jæren Distriktpsikiatriske Senter (Jæren DPS).

Området der Jæren DPS er lokalisert består av fleire eigedomar der både NKS Rogaland og Helse Vest RHF har eigarskap til grunn og bygningar.

I tråd med styret sine føresetnader har Helse Vest RHF ført drøftingar med NKS Rogaland/Jæren DPS om ein avtale der dette blir regulert. Styret har tidlegare gitt administrerande direktør fullmakt til å inngå slik avtale.

Når Jæren DPS disponerer heile området eksklusivt, medan Helse Vest RHF samtidig har status både som sjølvstendig eigar og sameigar til deler av området og dessutan eig grunn som Jæren DPS har bygning plassert på, oppstår det juridisk og avtalemessig både leigeforhold, sameigeforhold og festeforhold. Desse forholda er nå nedfelt i ei skriftleg avtale.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til at det blir inngått avtale mellom Helse Vest RHF og NKS Rogaland om eigedomstilhøva ved Jæren DPS i samsvar med vedlagte utkast til slik avtale.

096/09 B Tertialvis rapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokumentet. 2. tertial 2009

Kommentarar:

Styret har bede om at det tertialvis rapporterast på dei krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Tilsvarande rapportering for 1. tertial 2009 blei lagt fram for styret i styremøte 24. juni 2009, jf. sak 067/09 B.

Administrerande direktør la med denne saka fram ei oversikt som viser status på krava i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Oversikten er framstilt på same måten som i 1. tertial. Status blir vist med fargekodar og prosentvis framdrift.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

097/09 B Overordna risikovurdering per 2. tertial 2009

Kommentarar:

I tråd med vedtekne retningslinjer for risikostyring i Helse Vest er det i tilknytning til utarbeiding av styringsdokumenta for 2009 definert nokre utvalde overordna styringsmål som skal følgjast særskilt opp gjennom året. Måla er felles for heile føretaksgruppa, men det enkelte helseføretak kan i tillegg definere eigne verksemdspesifikke mål/høgrisiko område.

Følgjande mål med styringsvariablar er valde ut for særskild oppfølging i 2009:

Mål nr 1: Helse Vest skal levere eit rekneskapsmessig resultat i balanse i 2009.

Mål nr 2: Pasientar med rett til nødvendig helsehjelp skal ha tilgong til diagnostisering, behandling og omsorg på rett nivå til rett tid.

Mål nr 3: Pasientane skal oppleve ei samanhengande helseteneste på tvers av behandlingsnivå og avdelingar.

Mål nr 4: Pasientane skal sikrast eit likeverdig tilbod på tvers av diagnosegrupper, geografi og sosial status.

Alle helseføretaka gjennomførte grundige risikovurderingar av dei utvalde styringsmåla med styringsvariablar per 1. tertial i tråd med føresetnadene i styringsdokumenta.

Helseføretaka har i tråd med føresetnadene gjort ei tilsvarande risikovurdering per 2. tertial.

Samla sett er det totale risikobilete noko forbetra samanlikna med 1. tertial. Endringane er likevel ikkje store, men trendane er positive. Helse Vest RHF vil halde fram med å følgje opp risikobilete i den operasjonelle oppfølginga av helseføretaka, og vi vil framleis følgje gjennomføringa av tiltaksplanane og utviklinga i risikobilete utover hausten.

I tråd med det som blei sagt ved behandlinga av retningslinjene for risikostyring i styremøte 4. februar 2009, sak 010/09 B, vil det bli gjort ei evaluering av retningslinjene i løpet av hausten 2009. Resultata av evalueringa og framlegg til endringar vil bli lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning.
2. Styresaka med vedlegg blir oversend Helse- og omsorgsdepartementet som del av rapporteringa for 2. tertial 2009.

098/09 B Søknad om sjukehuskonsesjon i Stavanger - Aleris Helse AS

Kommentarar:

Aleris Helse AS (Aleris) har i brev datert 16.06.2009 søkt Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) om godkjenning for sjukehus i Stavanger.

Som ledd i sakshandsaminga ber HOD om uttale frå Helse Vest RHF m.a. om korleis søknaden vil påverke spesialisthelsetenesta i regionen.

Aleris søker om sjukehusgodkjenning i Stavanger med inntil 12 senger innan følgjande fagområde:

Ortopedi, nevrokirurgi, generell kirurgi, gastroenterologisk kirurgi, plastisk kirurgi, øyre-nase-hals-sjukdommar, augesjukdommar, urologi og gynekologi.

Kapasiteten innan fedmekirurgi er i dei seinare åra utvida i eigne helseføretak fordi Helse Vest har hatt, og har i dag ei utfordring innan dette fagområdet.

Helse Vest RHF dekkjer i dag ikkje heile sitt sørge for ansvar gjennom verksemd i eigne helseføretak. Det blir derfor kjøpt tenester hos private leverandørar. Også i Stavanger blir det kjøpt tenester av private leverandørar for å sikre nok kapasitet innan ei rekke fagområde.

Administrerande direktør sitt forslag til vedtak :

1. Helse Vest RHF vil framleis ha behov for å kjøpe tenester hos private leverandørar i noko omfang. Det omfattar mellom anna nokre av dei tenestene som Aleris Helse AS vil tilby i Stavanger.

2. Helse Vest RHF har på generelt grunnlag ikkje merknad til at Aleris Helse AS blir godkjent som sjukehus i Stavanger, men ser det slik at fleire private sjukehus i Stavanger vil svekke Helse Stavanger og Helse Fonna si evne til å behalde personell og rekruttere personell på sårbare fagområde. Dette kan ha uønska effekt på kapasiteten i føretaka og det totalte tilbodet som sjukehusa må gje uavhengig av private tilbod.

Aslaug Husa sitt forslag til endring i vedtakspunkt 2 :

Helse Vest RHF ser det slik at fleire private sjukehus i Stavanger vil svekke Helse Stavanger og Helse Fonna si evne til å behalde personell og rekruttere personell på sårbare fagområde. Dette kan ha uønska effekt på kapasiteten i føretaka og det totalte tilbodet som sjukehusa må gje uavhengig av private tilbod.

Votering:

Aslaug Husa sitt forslag til vedtakspunkt 2 vart sett opp imot administrerande direktør sitt forslag til vedtakspunkt 2.

Administrerande direktør sitt forslag fikk 7 stemmer og Aslaug Husa sitt forslag fikk 6 stemmer og falt.

Vedtak : (Vedakspunkt 1 vart samrøystes vedteke. Vedtakspunkt 2 blei vedteke med 7 stemmer, 6 stemte mot

1. Helse Vest RHF vil framleis ha behov for å kjøpe tenester hos private leverandørar i noko omfang. Det omfattar mellom anna nokre av dei tenestene som Aleris Helse AS vil tilby i Stavanger.
2. Helse Vest RHF har på generelt grunnlag ikkje merknad til at Aleris Helse AS blir godkjent som sjukehus i Stavanger, men ser det slik at fleire private sjukehus i Stavanger vil svekke Helse Stavanger og Helse Fonna si evne til å behalde personell og rekruttere personell på sårbare fagområde. Dette kan ha uønska effekt på kapasiteten i føretaka og det totalte tilbodet som sjukehusa må gje uavhengig av private tilbod.

099/09 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 01.09.09

Kommentarar:

Revisjonskomiteen hadde møte i Haugesund den 01.09.2009.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i Revisjonskomiteen 01.09.2009 til orientering.

100/09 O Årsrapport 2008 - Revisjonskomiteen og Internrevisjon i Helse Vest RHF

Kommentarar:

Revisjonskomiteen i Helse Vest hadde møte i Haugesund den 1. september 2009, og fatta følgjande vedtak:

Revisjonskomiteen godkjenner årsrapport 2008 frå revisjonskomiteen og internrevisjonen.

Revisjonskomiteen la med dette fram årsrapport 2008, med følgjande instilling til styret:

Styret tek årsrapport for revisjonskomiteen og internrevisjonen til orientering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok årsrapport for revisjonskomiteen og internrevisjonen til orientering.

101/09 O Økonomistyring i helseføretaka - oppfølging 2009

Kommentarar:

Revisjonskomiteen i Helse Vest hadde møte i Haugesund den 1. september 2009, og fatta følgjande vedtak:

Revisjonskomiteen godkjenner oppdateringsrapport om økonomistyringa i helseføretaka

Revisjonskomiteen la med dette fram ei oppdatering og ajourføring av revisjonen av økonomistyring i helseføretaka, med følgjande instilling til styret:

Styret tar oppdateringsrapport om økonomistyringa i helseføretaka til orientering

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok oppdateringsrapport om økonomistyringa i helseføretaka til orientering.
2. Styret i Helse Vest RHF forventar at styra i HF-a tek rapporten på alvor og iverksett tiltak for å følgje opp tilrådingane frå revisjonen.
3. Styret i Helse Vest RHF ber revisjonskomiteen fortsatt følgje opp HF-a når det gjeld økonomistyring i helseføretaka.

102/09 O Innkjøpsprogrammet 2007 - 2010 - orientering om forslag til organisering av innkjøpsfunksjonen i regionen

Kommentarar:

Helseføretaka i regionen kjøper store mengder varer og tenester gjennom året. For regionen samla, er innkjøpsvolumet over fire milliardar kroner kvart år.

I 2007 blei det starta opp eit forprosjekt som skulle sjå nærare på situasjonen i dag knytt til innkjøpsområdet. Forprosjektet skulle også komme med framlegg om korleis helseføretaksgruppa samla best kunne organisera arbeidet med innkjøp og kontraktar.

Etter å ha vore innom alle HF-styra i løpet av hausten 2007, fatta styret i Helse Vest RHF følgjande vedtak i sak 095/07 B :

"Styret tek forprosjektet for Innkjøpsprogrammet 2007-2010 til etterretning og sluttar seg til at Innkjøpsprogrammet blir satt i verk med dei delprosjekta som kjem fram i rapporten frå forprosjektet."

Våren 2009 har ei prosjektgruppe under Innkjøpsprogrammet arbeid med spørsmålet om organisering av innkjøpsfunksjonen i føretaksgruppa. Prosjektgruppa blei leia av Helse Bergen HF og alle helseføretaka har hatt ein representant i gruppa, saman med representantar frå dei konserntillitsvalde.

Rapporten frå prosjektgruppa er sendt ut på høyring til helseføretaka og dei tillitsvalda. Det er styret i kvart helseføretak som skal gje høyringsfråsegn. Høyringsfristen var opphavleg sett 1. november, men HF-a har ønskja forlenga høyringsfrist.

Styret hadde ikkje innvendingar mot å utsette høyringsfristen. Endeleg styrebehandling av sak om framtidig organisering av innkjøpsfunksjonen i regionen, vil då bli på styremøte i februar 2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

103/09 Eventuelt

Regionalt kompetansesenter for ADHD og Tourette (KOL)

Administrasjonen orienterte om status når det gjeld regionalt kompetansesenter for ADHD og Tourette.

Styret ba administrasjonen følgje dette tett opp vidare.

Regionalt brukarutval – formuleringar i protokoll (KOL)

Styret viste til formuleringar i protokollen frå Regionalt brukarutval, og presiserte at styret ønskjer ein god dialog med brukarutvalet.

Gjennomgang fristbrot – venteliste (AH)

Aslaug Husa ønskte ei styresak om fristbrot og ventelisteproblematikk i Helse Vest, og korleis ein kan sikre at arbeidet med dette blir prioritert og samordna i føretaksgruppa.

Rekruttere og behalde helsepersonell (AH)

Aslaug Husa ønskte ei styresak om tiltak for å rekruttere og behalde alle grupper helsepersonell, med fokus på kva slags kompetanse vi har behov for i framtida.

Soria Moria 2 (NPS)

Nils P Støiva ønskte ein presentasjon av Soria Moria 2 i samband med gjennomgang av Oppdragsdokumentet.

Avslutning Helge Bryne og Odd Søreide (HN)

Administrasjonen orienterte om planlagd avslutning for Helge Bryne og Odd Søreide

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Rapportering frå verksemda - Helse Vest , dagsett 30.09.09 "Rapportering per august 2009"

- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 24.09.09
"Innkalling og agenda ifm felles oppfølgingsmøte per 2. tertial 2009"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 11.09.09 "Godkjenning av nytt LAR-senter i Stavanger HF"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Stavanger HF, dagsett 17.09.09 "Oversending av godkjenning fra HOD - nytt LAR-senter i Stavanger HF"
- Kopi av brev frå HOD til Ulriksdal sykehus AS, dagsett 08.09.09 "Søknad om utvidelse av godkjenning som privat sykehus - Ulriksdal sykehus"
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 30.09.09 "Rapportering frå verksemda – Helse Vest RHF Rapportering per august 2009"
- Brev frå Jondal kommune, dagsett 17.09.09 "Spørsmål om disponering av eigedom, inventar og utstyr ved Jonatunet"
- Kopi av brev frå Statens Helsetilsyn til Helseforetak etter liste, dagsett 23.09.09
"Kartlegging av bemanning og kompetanse i ambulansetjenesten sommeren 2009 – oppsummering"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter, dagsett 21.09.09 "Evaluering av tiltak etter tilsyn med Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter 29.oktober 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Haukeland Universitetssykehus, dagsett 23.09.09 "Rapport fra tilsyn med Kronstad DPS, Helse Bergen HF"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus Helse Stavanger HF, dagsett 09.09.09, "Melding om tilsyn med Helse Stavanger HF, Stavanger Universitetssjukehus 23.og 24.nov. 2009 - rehabilitering av pasienter med hjerneslag"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Åstveit Helsesenter AS, dagsett 14.09.09 "Anmodning om å motta evaluering av tiltak iverksatt for å rette avvik som ble påpekt ved tilsyn 23. september 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Frelsesarmeens behandlingssenter, dagsett 21.09.09 "Melding om tilsyn med bruk av kontrolltiltak ved opphold i rusinstitusjoner - Frelsesarmeens behandlingssenter 17. november 2008"
- Brev frå Brukerutvalget i Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 15.09.09
"Angående planlagte prioriterte prosjekter for 2010"
- Protokoll frå møte i Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF - 28.08.2009
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 23.09.09 "Sykehusbygg i et økonomisk og helsepolitisk perspektiv – oppstart av hovedanalyse" Uts.off
- Kopi av brev frå Riksrevisjonen til HOD, dagsett 18.09.09 "Sykehusbygg i et økonomisk og helsepolitisk perspektiv – oppstart av hovedanalyse og oversendelse av utkast til revisjonskriterier" Uts.off

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 01.10.09 "Oppfølging i tilsynssak om korridorsenger i Psykiatrisk klinikk, Psykiatrisk divisjon Helse Bergen HF"

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 15. oktober 2009

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergdsdal

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Sett:

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Johansen

Aslaug Husa

Bente Pilskog